



Tangen skule

Føring av fråvere i grunnskulen.

I grunnskulen skal alt fråvere frå og med 8. trinn førast på vitnemålet.

Fråveret skal førast i dagar og timar. Einskildtimar skal ikkje konverterast til dagar. Føresette kan krevje at årsaka til fråveret skal førast på eit vedlegg til vitnemålet, men det må søkjast om dette.

Føresette kan og krevje at inntil 10 skuledagar pr. opplæringsår ikkje skal førast på vitnemålet dersom fråveret skuldast dokumenterte helsemessige grunnar eller innvilga permisjon i samband med t.d. reiser / feriar som vert lagt utanom skulen sine feriar. (Jamfør Opplæringslova § 2-11).

Når det gjelder helsemessige grunnar, er det krav om stadfesting frå lege. Retten til å stryke sjukefråvere frå vitnemålet er avgrensa til fråvere med ei lengde utover 3 dagar. Det er kun fråvere utover den 3. dagen som kan strykast.

Elevar med funksjonsvanskar eller kronisk sjukdom får likevel unntak frå dette og kan stryke fråver frå første sjukedag etter dokumentasjon frå lege. Ved slike høve bør ein ved kvar fråversdag vere konkret m.o.t. fråversgrunnen, då ein i søknaden må skrive kva dag ein søker fråtrekk for.

Frist for innlevering av søknad:

10. juni, 2017 (samla for begge terminar)

Tangen skule 05.09.16

Jan Kåre Stedje
rektor